



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato:	25.04.2024
Møtetid:	10:00 - -15:30
Møtestad:	Sanitetshuset, Litlås, Sanitetshuset, Litlås

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Hege Ramsland	medlem	H	
Morten Sognnes	ordfører	H	
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Bjørn Inge Håland	medlem	SP	
Dyrkolbotn			

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
------	-------	-------

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
------	-------	-------	---------

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Odd Harald Dommersnes	økonomi- og HR sjef
Bjarte Rosenlund	kommunalsjef

Trine Merete Jansen

kommunalsjef

Asbjørn Nagell Toft

Bjørnar Fjellhaug

kommunedirektør

Kari Torkildsen Utkilen

einingsleiar kultur

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 23/2024	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 24/2024	Godkjenning av møteprotokoll	
PS 25/2024	Delegerte vedtak 28.02.24 - 17.04.24	
OS 5/2024	Orienteringar frå ordførar til FS 25.4.2024	
OS 6/2024	Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 25.4.2024	
OS 7/2024	Tildeling - tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak 2024 - Fortau og veglys, Førland	
PS 26/2024	Planendring hyttefelt på Lauvøy på gbnr. 160/117, planid. 2022002 - Godkjenning	
PS 27/2024	Kommunal løyving til fortau, veglys og andre tiltak på vegstrekninga Førland-krysset - Solend-krysset i Austrheim kommune	
PS 28/2024	Etablering av arbeidsgruppe - vurdering av ny plassering av motorcrossbana	
PS 29/2024	Rammeløyve til utleige og bygging av fritidsbustad på gbnr. 132/9- Utkilen	
PS 30/2024	Partnarskapsavtale NH Næringslag	
PS 31/2024	Medlemsskap i ulike fora/organisasjonar og støttemedlemssak - prinsipp- og drøftingssak	
PS 32/2024	Regnskap for mars månad	
PS 33/2024	Referatsaker	
RS 6/2024	IUA Bergen region KO -Protokoll frå representantskapsmøte 10. april 2024	
RS 7/2024	Sakliste Regionråd 3-2024, 18. og 19.04.2024 og Protokoll Regionrådet 2-2024 - 15.03.2024	
RS 8/2024	Årsmelding frå Sivilombudet 2023	

RS 9/2024	Protokoll 2-2024 Regionrådet Nordhordland fredag 15. mars 2024
RS 10/2024	Vikarbruk i offentlig sektor
RS 11/2024	Rapport om kartlegging av kommunane si saksbehandling i helse- og omsorgstenesta
RS 12/2024	Frå KS - Informasjonsnotat om tariff
RS 13/2024	IKT- Nordhordland - protokoll frå representantskapsmøte 18.03.2024

PS 23/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 23/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 23/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent.

PS 24/2024 Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen frå 6. mars vert godkjent

Handsaming i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 24/2024 Godkjenning av møteprotokoll:

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 24/2024 Godkjenning av møteprotokoll:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen frå 6. mars vert godkjent

PS 25/2024 Delegerte vedtak 28.02.24 - 17.04.24

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tar dei delegerte vedtaka til vitande.

Handsaming i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 25/2024 Delegerte vedtak 28.02.24 - 17.04.24:

Einingsleiar Asbjørn Toft orienterte om dei delegerte vedtaka.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 25/2024 Delegerte vedtak 28.02.24 - 17.04.24:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tar dei delegerte vedtaka til vitande.

OS 5/2024 Orienteringar frå ordførar til FS 25.4.2024

Handsaming i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 5/2024 Orienteringar frå ordførar til FS 25.4.2024:

Ordførar Morten Sognnes (H) orienterte om følgjande saker:

Kjøretøy Aufera:

- Blir kjøpt inn ein bil i samarbeid med Aufera, som skal brukast til å kjøra Austrheim kommune sine brukarar til og frå arbeidsplassen på Manger.

Etablering av kjernekraft i Austrheim:

- Halden kommune har inngått ein avtale med Norsk Kjernekraft, noko liknande kan vera aktuelt for Austrheim. Det eine alternativet er å gå inn med aksjekapital, der ein også får avtale på ein andel per kWh som vert produsert på anlegget. Kan også gå inn på ein avtale med areal til disposisjon for eit anlegg, dette vil Sognnes jobba vidare med saman med juristen på byggesak, og så komma tilbake til formannskapet.
- Per Lerøy (Ap) sa at han er for å stilla seg positiv til meir informasjon, men vil ikkje binda seg til ein enkelt leverandør. Om dette blir vellukka vil fleire aktørar komma på bana.
- Hege Ramsland (H) sa at ein treng meir informasjon for å ta stilling til dette.
- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om kva som er kommunen si oppgåve, gå inn i dette med kapital eller stilla areal til disposisjon.
- Morten Sognnes (H) sa at avtalen om å ta ein viss del av kvar kWh, må vera eit krav uansett kven som ønskjer å bygga.
- Morten Sognnes (H) konkluderte til at ein kjem tilbake til formannskapet med meir informasjon.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 5/2024 Orienteringar frå ordførar til FS 25.4.2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Orienteringane vert teken til vitende.

OS 6/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 25.4.2024

Handsaming i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 6/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 25.4.2024:

- Status prosjekt/investering, ved kommunalsjef Bjarte Rosenlund:
 - VA til Førland er i rute, er i dialog med grunneigarane som er positive. Ser på grunnlag for tilbudsutlysing.
 - Semje med Markhus om vidare kloakkutbygging med pumpestasjon i Årsvågen.
 - ROP-bustadar er framfor ruta, klare til innflytting 1. september.
 - Hoplandskvernene er sette på vent, ventar på grunneigar.
 - Næringsareal Mongstad, snart ferdig med å sprenga ned det som skal vekk av fjell, men treng meir stein for å fylla ut den nordre delen der. Har tatt med seg fornying av VA-anlegget.
 - Veglys Hopland, er i dialog med Eviny.
 - Ambulansestasjon, ventar på avklaringar om nytt helsetun.
 - Garderobar Kaland, jobbar med dette.
 - Basseng Kaland, skal i møte med byggmester som har hatt jobben, 6. mai.
- Sak frå levekårsutvalet om bustader med livslaupsstandard – framdrift, kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte.

Denne saka kjem det saksutgreiing på til møtet i juni, men kan orientera om det i møtet 2. mai.
- Sak frå RMNF - oppfølging, kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte:
 - Kommunedirektøren vil ta ein dialog med RMNF om at dersom dei ønskjer utgreiing av spesielle saker må det skje via kommunestyret, rådet kan ikkje bestilla direkte av kommunedirektøren.
 - Når det gjeld medverknad til stillingsbeskrivingar (ønske frå RMNF), vil ein ikkje opna for dette.
- Status prosjekt utomhusplan Årås – framdrift, kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte:
 - Ber om løyve frå formannskapet til å gå vidare med den eine leverandøren som har gitt tilbod, vil gå noko over kostnadsramma, men om ein tar ny utlysing kan det bli

forseinking av arbeidet. Kan redusera noko av arbeidet, men då vert det mindre spelemidlar også.

- Framdrift sak nytt helse- og omsorgstun, kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte:
 - Så langt blir det jobba med forstudiet, ikkje avgjort om ein skal byggja eller ikkje. Kjem som sak til kommunestyret torsdag 20. juni, med prinsippvedtak på om ein skal gå vidare med dette arbeidet.
 - Må vera realistisk, sjå kva som er mogleg å få til.
 - Ser på om infrastruktur er på plass, og om kommunen er i stand til å drifta eit slikt tun.
 - Kommunedirektør Fjellhaug sa at etterbruken av Nordliheimen er ein del av denne saka.
- Økonomistatus – v/økonomisjef – eiga sak.
- Handlings- og økonomiplan 2025-2028 – framdrift, kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte:
 - Er lagt opp til plandagar i Kilstraumen 13. og 14. mai for det langsiktige budsjettarbeidet.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det er eit fond som kan brukast til å støtta bokprosjektet som Peter Emil . Kaland har søkt pengar til, dette fondet er på 67.500 kroner som kan brukast til dette. Fjellhaug vil ta dette vidare med Peter Emil Kaland etter at formannskapet er orienterte no.

Per Lerøy etterlyste fleire saker: Sal av Kunsthuset (her sa Fjellhaug at det er til sals og at brukarane kan vera der til over sommaren), avtale med Austrheim samfunnshus (her svara Rosenlund at det vert jobba med saka), parkering Baløy og avtale med båtlaget, Havsportsenteret og Mastrevik Kai, saker som har gått mot Statsforvaltaren der har sagt nei til tiltak (endra praksis hjå Statsforvaltar, er det mogleg å få ja no?), amnesti på vatn til naust (bør ha lengre frist no enn tenkt).

Handsaming i formannskapet

Samrøystes for kommunedirektøren sitt justerte framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 6/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 25.4.2024:

Kommunedirektøren sitt justerte framlegg til vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til vitende.

Kommunedirektøren fekk formannskapet si støtte til å gå vidare med arbeidet for Utomhusplanen på Årås skule, sjølv om det eine tilbodet er over kostnadsramma som er sett.

OS 7/2024 Tildeling - tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak 2024 - Fortau og veglys, Førland

Handsaming i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 7/2024 Tildeling - tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak 2024 - Fortau og veglys, Førland:

Dette vart handsama i samband med politisk sak 27/2024, *Kommunal løyving til fortau, veglys og andre tiltak på vegstrekninga Førland-krysset - Solend-krysset i Austrheim kommune*

Vedtak i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 7/2024 Tildeling - tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak 2024 - Fortau og veglys, Førland:

PS 26/2024 Planendring hyttefelt på Lauvøy på gbnr. 160/117, planid. 2022002 - Godkjenning

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner *Planendring for hyttefelt på Lauvøy på gbnr 160/117, planid. 2022002*. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Plankart er datert den 12.01.2024. Planomtale og føresegner er datert den 20.11.2023 og illustrasjonsplan den 06.11.2023. Vedtaket er heimla i plan-og bygningslova § 12-14.

Handsaming i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 26/2024 Planendring hyttefelt på Lauvøy på gbnr. 160/117, planid. 2022002 - Godkjenning:

Einingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 26/2024 Planendring hyttefelt på Lauvøy på gbnr. 160/117, planid. 2022002 - Godkjenning:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner *Planendring for hyttefelt på Lauvøy på gbnr 160/117, planid. 2022002*. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Plankart er datert den 12.01.2024. Planomtale og føresegner er datert den 20.11.2023 og illustrasjonsplan den 06.11.2023. Vedtaket er heimla i plan-og bygningslova § 12-14.

PS 27/2024 Kommunal løyving til fortau, veglys og andre tiltak på vegstrekinga Førland-krysset - Solend-krysset i Austrheim kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune byggjer fortau og veglys langs Fv. 5502 mellom Førlands-krysset og Solend-krysset i perioden 2024 og 2025. Totalkostnad inkl. mva er på kr. 5,5 mill kroner.

Finansieringa vert teke av tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak løyvd av Vestland fylkeskommune til prosjektet i år 2024 på 1 mill kroner.

Restfinansieringa vert dekkja av kommunale trafikksekringsmidlar på kr. 4,5 mill kroner inkludert meriverdiavgift (mva).

Handsaming i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 27/2024 Kommunal løyving til fortau, veglys og andre tiltak på vegstrekinga Førland-krysset - Solend-krysset i Austrheim kommune:

Einingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy (Ap) ba om at det vert forklart godt kvifor ein gjer trafikksekring langs denne vegen, at det baserer seg på at det skal leggst nytt VA-anlegg langs dette vegstrekket.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 27/2024 Kommunal løyving til fortau, veglys og andre tiltak på vegstrekinga Førland-krysset - Solend-krysset i Austrheim kommune:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune byggjer fortau og veglys langs Fv. 5502 mellom Førlands-krysset og Solend-krysset i perioden 2024 og 2025. Totalkostnad inkl. mva er på kr. 5,5 mill kroner.

Finansieringa vert teke av tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak løyvd av Vestland fylkeskommune til prosjektet i år 2024 på 1 mill kroner.

Restfinansieringa vert dekkja av kommunale trafikksekringsmidlar på kr. 4,5 mill kroner inkludert meriverdiavgift (mva).

PS 28/2024 Etablering av arbeidsgruppe - vurdering av ny plassering av motorcrossbana

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det vert nedsett ei arbeidsgruppe for å vurdere ny plassering av motorcrossbana.

Arbeidsgruppa vert sett saman av ordførar, representant frå Levekårsutvalet, og 1 representant kvar frå kultur, eigedom, Austrheim motorsportsklubb og Austrheim Idrettslag. Gruppa legg fram sin rapport innan utgangen av juni 2024. Vedlagte framlegg til mandat vert godkjent som arbeidsmandat for gruppa.

Handsaming i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 28/2024 Etablering av arbeidsgruppe - vurdering av ny plassering av motorcrossbana:

Einingsleiar Kari T. Utkilen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Sidan det har gått noko tid før saka kom opp politisk, må ein skyva på fristen for å vera ferdig med arbeidet.

Per Lerøy (Ap) sa at når levekårsutvalet skal utnemna eit medlem, kan det skje først i deira neste møte 30. mai.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at sjølv før medlemmene er klare til utvalet, så kan ein komma i gang med utgreiingsarbeidet.

Per Lerøy (Ap) sa at det er gjort ei synfaring på eit areal i krysset ved Dyrneset, i eit steinuttak som skal planerast og ryddast innan utgangen av 2025.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at levekårsutvalet kan utnemna sin kandidat per e-post, dette støtta Per Lerøy (Ap), og sa at Ap har Kristian Semmingsen Lerøy som sin kandidat.

Framdriftsplanen vart justert for arbeidet.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt justerte framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 28/2024 Etablering av arbeidsgruppe - vurdering av ny plassering av motorcrossbana:

Kommunedirektøren sitt reviderte framlegg til vedtak:

Det vert nedsett ei arbeidsgruppe for å vurdere ny plassering av motorcrossbana.

Arbeidsgruppa vert sett saman av ordførar, representant frå Levekårsutvalet, og 1 representant kvar frå kultur, eigedom, Austrheim motorsportsklubb og Austrheim Idrettslag.

Gruppa legg fram sin rapport innan utgangen av november 2024. Vedlagte framlegg til mandat vert godkjent som arbeidsmandat for gruppa.

PS 29/2024 Rammeløyve til utleige og bygging av fritidsbustad på gbnr. 132/9- Utkilen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og pbl. § 1-8 til omsøkt rammeløyve og bruksendring til utleige av fritidsbustad.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.

Handsaming i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 29/2024 Rammeløyve til utleige og bygging av fritidsbustad på gbnr. 132/9- Utkilen:

Einingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 29/2024 Rammeløyve til utleige og bygging av fritidsbustad på gbnr. 132/9- Utkilen:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå kommuneplan plan-id: 2013001 og pbl. § 1-8 til omsøkt rammeløyve og bruksendring til utleige av fritidsbustad.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 11-6 og § 1-8.

PS 30/2024 Partnarskapsavtale NH Næringslag

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at ein inngår samarbeidsavtale med Nordhordland Næringslag, som gjort greie for i saka.

Handsaming i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 30/2024 Partnarskapsavtale NH Næringslag:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Det var semje i formannskapet om at det må rapporterast tilbake kva Nordhordland Næringslag gjer for Austrheim kommune, dette noterte kommunalsjefen seg.

Denne saka skal også til kommunestyret.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 30/2024 Partnarskapsavtale NH Næringslag:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tilrår at ein inngår samarbeidsavtale med Nordhordland Næringslag, som gjort greie for i saka.

PS 31/2024 Medlemsskap i ulike fora/organisasjonar og støtte medlemssak - prinsipp- og drøftingssak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren legg fram saka til drøfting og ynskjer ei prinsippavklaring på kva for støtte kommunen skal bidra. Kommunedirektøren tilrår at ein støttar kun det som er av størst interesse for kommunen.

Kommunedirektøren tilrår vidare at alle medlemsskap skal inngåast på kommunenivå om ikkje anna er særleg interesse for ei avgrensa område. Kommunedirektøren får vidare fullmakt til å gå gjennom medlemsskap og seie opp dei som er av liten interesse for kommunen og ikkje er politisk vedteke medlemsskap.

Handsaming i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 31/2024 Medlemsskap i ulike fora/organisasjonar og støtte medlemssak - prinsipp- og drøftingssak:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Vil gå ut av dei samarbeid som ikkje har noko særleg verdi for kommunen, berre vera med der kommunen har særleg interesse, som Redningsselskapet som er stasjonerte i Austrheim. Kjem tilbake til formannskapet med ei liste over medlemsskap.

Eitt av dei tiltaka ein ønskjer å gå ut av, er Digi Vestland.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 31/2024 Medlemsskap i ulike fora/organisasjonar og støtte medlemssak - prinsipp- og drøftingssak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren legg fram saka til drøfting og ynskjer ei prinsippavklaring på kva for støtte kommunen skal bidra. Kommunedirektøren tilrår at ein støttar kun det som er av størst interesse for kommunen.

Kommunedirektøren tilrår vidare at alle medlemsskap skal inngåast på kommunenivå om ikkje anna er særleg interesse for ei avgrensa område. Kommunedirektøren får vidare fullmakt til å gå gjennom medlemsskap og seie opp dei som er av liten interesse for kommunen og ikkje er politisk vedteke medlemsskap.

PS 32/2024 Regnskap for mars måned

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tar rapporten til vitende

Handsaming i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 32/2024 Regnskap for mars måned:

Økonomisjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga, samt tal frå Framsikt.

- Ser at skatteinngangen er dårlegare enn tidlegare, 8 prosent ned frå 2023.
- Så langt i år 38 millionar i skatteinntekter, mot 40 i same periode i 2023.
- Har fått godkjent MVA-kompensasjon for dei tre ROP-bustadene, her var det tidlegare protestar frå revisjonen, men dei har godtatt dette no.
- Gjer ei oppgradering av møblar Nordliheimen, går som investering.
- Oppfordrar politikarane til å ikkje gjera økonomiske endringar før ein kjem lengre ut på året, og mellom anna får svar på korleis lønsoppgjeret slår ut for kommuneøkonomien.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 32/2024 Regnskap for mars måned:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tar rapporten til vitende

PS 33/2024 Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tek referatsakene til vitande.

Handsaming i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 33/2024 Referatsaker:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug viste til at det er lagt inn ulike referat og anna som referatsaker til formannskapet.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 25.04.2024 av sak 33/2024 Referatsaker:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tek referatsakene til vitande.

RS 6/2024 IUA Bergen region KO -Protokoll frå
representantskapsmøte 10. april 2024

RS 7/2024 Saksliste Regionråd 3-2024, 18. og 19.04.2024 og Protokoll
Regionrådet 2-2024 - 15.03.2024

RS 8/2024 Årsmelding frå Sivilombudet 2023

RS 9/2024 Protokoll 2-2024 Regionrådet Nordhordland fredag 15.
mars 2024

RS 10/2024 Vikarbruk i offentleg sektor

RS 11/2024 Rapport om kartlegging av kommunane si saksbehandling
i helse- og omsorgstenesta

RS 12/2024 Frå KS - Informasjonsnotat om tariff

RS 13/2024 IKT- Nordhordland - protokoll frå representantskapsmøte
18.03.2024